

Arkivsak: 2026/793-4

Arkiv: K46

Saksbehandlar: Sander Sælthun

Dato: 19.08.2026

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/7	19.08.2026	Viltutvalet

Høyring av endringsforslag som opnar for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Lom (lokal forskrift)

Vedlegg

- 1 FELTE HJORT OG GJENNOMSNITLEG SLAKTEVEKT 2010-2025
- 2 Kommunale målsettingar for hjorteviltbestandane i Lom 2024 - 2026
- 3 Veileder frå landbruksdirektoratet - [Fastsettelse av lokal forskrift for åpning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler til jakt på hjort - Landbruksdirektoratet](#)

Innstilling frå kommunedirektøren

Følgjande forslag til ny forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i samsvar med reglane i forvaltningslova § 37:

Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune, Innlandet

Fastsett av Lom kommunestyre (dato) med heimel i med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd, § 42 første ledd, og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6 og forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for hjort

Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.

§ 3. Minsteareal for rådyr

Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for elg

Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa.

§ 5. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsane for fellingsavgift følgjer maksimal sats for fellingsavgift i Stortingets budsjettvedtak.

§ 6. Opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Lom kommune

Det er opna for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel i Lom kommune ved jakt på hjort i ope terreng, for å unngå alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit.

§ 7. Rapporteringsplikt for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysførsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 8. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft xx.xx. 2026. Frå same tid opphevast forskrift 23.06.2026 om opning av jakt, minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter Lom kommune.

Saksprotokoll i Viltutvalet 19.08.2026:

Behandling

Saka vart drøfta i møte i viltutvalet 11.08.2026. Saksframlegg/ innstilling vart sendt ut pr. e-post til medlemene i utvalet 17.08.2026, med frist for merknader 19.08. Alle utvalsmedlemene har bekrefta per e-post at dei støtter innstillinga. Innstilling frå kommunedirektøren er samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande forslag til ny forskrift blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med reglane i forvaltningslova § 37:

Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune, Innlandet

Fastsett av Lom kommunestyre (dato) med heimel i med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd, § 42 første ledd, og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6 og forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for hjort

Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.

§ 3. Minsteareal for rådyr

Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for elg

Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa.

§ 5. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsane for fellingsavgift følgjer maksimal sats for fellingsavgift i Stortingets budsjettvedtak.

§ 6. Opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Lom kommune

Det er opna for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel i Lom kommune ved jakt på hjort i ope terreng, for å unngå alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit.

§ 7. Rapporteringsplikt for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysførsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 8. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft xx.xx. 2026. Frå same tid opphevast forskrift 23.06.2026 om opning av jakt, minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter Lom kommune.

Saksutgreiing

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.juni 2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med ny viltressurslova vart gjort gjeldande 1.juli 2026.

I den nye viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26). I den gamle viltlova var ikkje restlysførstekande og termiske siktemiddel omtalt, slike siktemiddel har derfor gradvis blitt meir brukt ettersom teknologien har vorte lettare tilgjengeleg og rimelegare. Det er sannsynleg at eit relativt stort tal hjort vart felt ved bruk av termiske siktemiddel i Lom sist haust.

Ei av endringane i jaktutøvingsforskrifta er at kommunane har fått heimel til å fastsetje forskrift som opnar for restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng (§ 29a., 4. ledd). Heimelen gjeld for å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som fylgje av høg bestandstorleik.

For å vurdere samordning av lokale forskrifter om restlysførsterkande og termiske siktemiddel på tvers av kommunegrenser er det tenleg med mest mogeleg like forskriftstekst mellom kommunane. Dette for at det ikkje skal verte uoversiktleg for jegerar (og jaktrettshavarar) å halde seg orientert om kva regelverk som gjeld. Det vil derfor vere tenleg å nytte seg av tekstformuleringar som er i samsvar med dei departementet har nytta i jaktutøvingsforskrifta. Forskriftsteksten i høyringsframlegget er utarbeidd med dette som utgangspunkt.

Viltforskrifta § 29a:

§ 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysførsterkande og termiske siktemidler

Fastmontert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.

«Opent terreng er definert i forarbeida til ny viltlov: Med «åpent terreng» menes her terreng som stort sett er fritt for hindringer som bygninger og trær. Eksempler på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også være åpne arealer på skogsmark, som hogstflater, naturlige åpninger uten høyt feltsjikt- og buskvegetasjon og områder der skogen er høystammet og glissen

Lom kommune har frå før ei lokal forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort. Landbruksdirektoratet tilrår at ei eventuell opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel blir teke inn i denne forskrifta. I saksframlegget her tek ein derfor utgangspunkt i at det blir lagt til to nye paragrafer i denne forskrifta (§§ 6 og 7). Dei andre paragrafane blir uforandra.

I føringane som går fram av rettleiar frå landbruksdirektoratet går det fram at ei forskrift som opnar for bruk av termiske siktemiddel må gjelde for heile kommunen, sjølv om skadesituasjonen kan vere avgrensa til berre ein del av kommunen. Kommunen har heller ikkje heimel til å innføre avgrensing for bruk av slike siktemiddel til berre ein periode av jakta.

Vurdering


I forskrift om forvaltning av hjortevilt § 3er det satt krav til kommunane om å vedta mål for utviklinga i bestandane av elg, hjort og rådyr. Med heimel i forskrifta har viltutvalet i Lom fastsett følgjande generelle målsetjingar for hjorteviltforvaltninga i perioden 2024 – 2026 (vedlagt saka):

Generelle målsettingar for bestandane av elg, hjort og rådyr i Lom:

- *Hjorteviltbestandane skal være tilpassa produksjonsgrunnlag og bereevne i området*
- *Hjorteviltbestandane skal oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon og ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur, basert på bestandsindeksar henta frå Hjorteviltregisteret*
- *Skader som hjorteviltet påfører jord- og skogbruk skal haldast innanfor eit akseptabelt nivå*
- *Omfanget av viltpåkjørslar skal reduserast*
- *Hjorteviltet skal kunne utgjere ein vesentleg økonomisk ressurs for grunneigarane.*

Målsettingane skal rullerast i forkant av kvar bestandsplanperiode (dvs. kvart tredje år).

For hjort vedtok viltutvalet i 2024 at Bøverdalen og Garmo bør ha ei noko lågare årskvote for 2024-2026 enn i perioden 2021-2023, og andelen med kalv/ungdyr bør aukast. Vidare vedtok viltutvalet at uttaket i Skaihø bør haldast oppe på tilsvarende høgt nivå som i perioden 2021 -23.



2009 var første året det vart felt over 50 hjort innanfor Lom kommune – i 2018 vart 100 felte hjort innafor kommunen passert. Auken i hjortefellinga – og hjortebestanden - var særleg sterk i femårsperioden 2017 – 2021; sjå vedlegg til saka med fellingsstatistikk for 2010 – 2025. Frå 2021 har hjortefellinga vore på eit jamt høgt nivå, men med noko nedgang i 2025, sannsynlegvis med årsak i mild haust slik at hjorten kom seint ned i bygda/ på innmarka. Over 50% av hjorten i Lom blir felt på innmark.

Samtidig med den sterke auken i hjortebestand og avskyting frå 2017 var det ein markert nedgang i slaktevektene for kalv og ungdyr. Gjennomsnitt kalvevekt i perioden 2010 – 2016 var for hannkalv **33,2 kg**, for hokalv **31,0 kg**. For perioden 2017 – 2025 gjekk gjennomsnittsvekta for kalv ned til **31,4 kg** (hann)/ **29,4 kg** (ho). For ungdyr (1 ½ år) var gjennomsnitt slaktevekt i perioden 2010 – 2017 for ungbukk **56,5 kg**, for unghind **49,9 kg**. For perioden 2018 – 2025 gjekk snittvekta ned til **53,1 kg** (bukk)/ **46,1 kg** (hind).

I same periode var det ein auke i innmeldte beiteskader frå hjort på innmark i fleire område i kommunen, noko som i neste omgang medførte søknader til kommunen om skadefelling.

I perioden 2016 – 2020 var det også ein dobling av talet på innmeldte påkjørsler av hjort – frå 10 til 20 påkjørsler per år. Dette talet har seinare gått ned att til omkring 2016-nivå.

Alt dette er indikasjonar på at auken i hjortebestanden i perioden 2017 – 2021 var alt for stor sett i forhold til beitegrunnlag og levevilkår elles.

Kommunedirektøren si vurdering er at det blir viktig å halde oppe avskytinga for å unngå ein situasjon som i 2017-2021, med tilnærma ukontrollert auke i hjortebestanden. Fortsatt bruk av termiske og restlysforsterkande siktemiddel under ordinær jakt vil vere viktig for at jaktlaga skal greie å halde oppe ein høg avskyting/ fellingsprosent. Kommunedirektøren innstiller derfor på at forslag til forskrift som opnar for bruk av slike siktemiddel i Lom kommune skal leggest ut på høyring.

På den andre sida vil ei meir effektiv hjortejakt ved bruk av termiske/ restlysforsterkande siktemiddel medføre auka krav til presisjonen i forvaltninga av hjortebestanden gjennom bestandsplanar/ kvoter.

Eit alternativt forslag vil vere å avvente vidare prosess med lokal forskrift som opnar for termiske og restlysforsterkande siktemiddel til etter at hjortejakta 2026 er avslutta. Dermed vil ein kunne vurdere behovet for slik forskrift saman med rullering av dei kommunale målsettingane for hjorteviltbestandane for neste treårsperiode, og saman med rullering av bestandsplanane for neste periode.

Det vil i så fall ha som konsekvens at det ikkje blir tillate med bruk av termiske siktemiddel under ordinær hjortejakt i Lom i 2026 – med unntak av ved ettersøk av lovleg påskote vilt.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

I følge § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftsendringar vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Kommunen har lange tidsseriar med fellingsstatistikk, registrering av slaktevektar og sett-hjort data. Registrering av irregulær avgang (påkjørt vilt/ fallvilt) blir ført systematisk. Til saman gir dette eit godt kunnskapsgrunnlag.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt, føre-var prinsippet blir derfor lite relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Dersom det ikkje blir opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel vil ein tuleg få ein høgare hjortebestand, med dei ulemper dette medfører.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikkje relevant i denne saka.

Forvaltningslova har reglar for utgreiingsplikt, høyring, varsling m.m. i samband med forskriftsvedtak. Offentleg ettersyn og høyring av framlegg til forskrift vil bli kunngjort i Fjuken og på Lom kommune si heimeside, og sendt til statsforvaltaren, fylkeskommunen, landbruksdirektoratet, storviltvalda i kommunen, Lom jeger- og fiskeforeining m.fl. Frist for høyringsuttale bør i utgangspunktet vera minst seks veker frå saka blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn, men om nødvendig kan det vere aktuelt å justere høyringsfristen noko for å innpasse saksbehandlinga til møtekalenderen.